

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/27/22

av 23. oktober 2002

om vedtaking av lista over anlegg i tredjestatar som er godkjende for stråling av næringsmiddel(*)

[meldt under nummeret K(2002)3994]

(2002/840/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/2/EF av 22. februar 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lovgiving om næringsmidler og næringsmiddelingsredienser behandlet med ioniserende stråling⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Etter direktiv 1999/2/EF kan eit næringsmiddel som er handsama med ioniserande stråling, importerast frå ein tredjestat berre dersom det er handsama i eit strålingsanlegg som er godkjent av Fellesskapet.
- 2) Kommisjonen har motteke søknader frå tre strålingsanlegg i Sør-Afrika og eitt anlegg i Ungarn, som er sende over av dei rette styresmaktene i desse statane. Sakkunne frå Kommisjonen har inspisert strålingsanlegga for å kontrollere om dei stettar krava i direktiv 1999/2/EF, og særleg om offentlig tilsyn sikrar at dei stettar krava i artikkel 7 i det nemnde direktivet.
- 3) Anlegga i Sør-Afrika og Ungarn stettar dei fleste av krava i direktiv 1999/2/EF. Dei manglane som Kommisjonen har påvist, er vortne utbetra på ein tilstrekkeleg måte av

dei rette sørafrikanske og ungarske styresmaktene. Lista som skal vedtakast ved dette vedtaket, bør reviderast jamleg.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Lista over godkjende strålingsanlegg slik det er fastsett i artikkel 9 nr. 2 i direktiv 1999/2/EF, er førd opp i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 23. oktober 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 287 av 25.10.2002, s. 40, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/2003 av 20. juni 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 51 av 9.10.2003, s. 11.

⁽¹⁾ TEF L 66 av 13.3.1999, s. 16.

VEDLEGG

Liste over strålingsanlegg i tredjestatar som er godkjende av Fellesskapet

Referansenr.: EU-AIF 01-2002

HEPRO Cape (Pty) Ltd
6 Ferrule Avenue
Montague Gardens
Milnerton 7441
Western Cape
Republikken Sør-Afrika
Telefonnr.: (27-21) 551 24 40
Telefaksnr.: (27-21) 551 17 66

Referansenr.: EU-AIF 02-2002

Gammaster South Africa (Pty) Ltd
PO Box 3219
5 Waterpas Street
Isando Extension 3
Kempton Park 1620
Johannesburg
Republikken Sør-Afrika
Telefonnr.: (27-11) 974 88 51
Telefaksnr.: (27-11) 974 89 86

Referansenr.: EU-AIF 03-2002

Gamwave (Pty) Ltd
PO Box 26406
Isipingo Beach
Durban 4115
Kwazulu-Natal
Republikken Sør-Afrika
Telefonnr.: (27-31) 902 88 90
Telefaksnr.: (27-31) 912 17 04

Referansenr.: EU-AIF 04-2002

Agroster Besugárzó Részvénytársaság
Budapest X
Jászberényi út 5
H-1106
Kempton Park 1620
Telefonnr.: (36-1) 262 19 22
Telefaksnr.: (36-1) 262 19 22
